

Dato 21. 11. 2013	Elevkode S626	Kjønn: jente ☐ gut ☒	Det første språket du lærte: norsk ☒ anna ☐	
----------------------	----------------------	--	---	--

MIT LIV

Eg heiter IM og er 12 år gammal. Eg blei fødd på NI sjukehus den 5. Mai 2001. Eg blei fødd på dagen ca. klokka 14:00.

Dei første leveåra mine budde eg i SI. Der hadde eg det mykje gøy. Eg likte ok plaga søstera mi FI. Etter noko år skilte mamma og pappa seg.

Eg har ei søster som heiter FI og er 9 år. Mamma heiter F2 og er 37 år. Pappa heiter M2 og er 38 år. Eg har mange søsken barn det er 4 gutar og 3 jenter.

Eg har alltid likt og spela fotball. Eg har spelt fotball sida eg var 4 år. Eg huskar ein kamp då eg spelte knall bra og skårte 12 mål. Pappa og Mamma har alltid Støtta meg og kom på kampene mine. Eg og pappa har vert mange gongar på hytta og fiska. Eg huskar ein gong me var ute og me fiska og fekk 37 fiskar. Det var veldig gøy me hadde middag i fleir dagar.

Då eg var liten var det ei dame som heiter F3 som passet på meg då mamma var på jobben. Men så begynte eg i barnehagen der fant eg meg mange vennar men den aller beste vennen min var M3. Me er fortsatt venner med kvarandre. Barnehagen eg gjekk i heiter N2 Barnehage.

Så begynte eg på skulen der fekk eg masse nye vennar. Eg husker
fortsat den første dagen då eg kom inn dør sat M4 og
lekte med klossar og eg sat meg ned og bygde med han. Eg begynte
på N3 skule der er det masse kjekke lærarar som var
snille og eg gledde meg til og gå på skulen kvar dag.

Når eg blir stor vil eg bli det samma som pappa for eg synest
det ser gøy ut og kjøra kranar og hjelpe folk. Der har besten
starta ein bedrift der han og pappa har jobba og eg vil bli den
neste i familien.